



Den Grøne Fabrikken AS
Osterøyvegen 2106
5282 LONEVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/1084 - 23/9324

Saksbehandlar:
Tor Asle Skiple
tor.asle.skiple@osteroy.kommune.no

Dato:
26.04.2023

Svar på motteke søknad om skjenkeløyve i samband med konsert 06.05.2023 (einskildhøve) - administrativt vedtak

Administrativt vedtak:

Saknr: 010/23

Vedtak

Den Grøne Fabrikken AS, org.nr. 917 741 727, v/ Lars Magne Bysheim, får medhald av alkohollova § 1-6 innvilga søknad om skjenkebevilling for alkoholhaldig drikk med under 22% alkoholinnhald i samband med konsert 06.05.2023 ved Den Grøne Fabrikken på følgjande vilkår:

Deltakarar: om lag 60 personar

Skjenkestyrar: Lars Magne Bysheim, f. 23.12.1954

Stedfortredar: Else Karin Tysse f. 04.01.1959

Skjenketid: kl. 14.00 –kl. 01.00

Skjenkestad: Den Grøne Fabrikken, Osterøyvegen 2106, 5282 Lonevåg

Den som serverer eller sel alkoholsvak eller alkoholhaldig drikke må ha fylt 18 år, og det må ikkje skjenkast/serverast til personar under 18 år. Sal- og skjenking må skje i samsvar med alkohollova med tilhøyrande forskrift.

Arrangøren er ansvarleg for tilstrekkeleg vakthald på området. Eventuelle pålegg frå politiet må følgjast – sjå politiet sine merknader i vedlegg.

Løyvehavar er ansvarleg for ro og orden på skjenkeområdet.

Skjenkeavgift: kr 1850,- må vera betalt før løyvet er gyldig. Giro vert sendt frå økonomikontoret.

Saksutgreiing:

Den Grøne Fabrikken AS søkjer om skjenkeløyve i samband med konsert 06.05.2023.

Uttale frå politiet er motteke utan merknader.

Tilstrekkeleg vakthald på området må organiserast i samråd med politiet. Vi ber dykk difor om å halde kontakten med politiet i denne saka.

Rådmannen kjenner ikkje til høve som tilseier avslag på søknaden og den vert difor innvilga.

Med helsing

Ingvild Kirsti Hjelmtveit
Rådmann

Tor Asle Skiple
Leiar for Stab, støtte og utvikling

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.